

**Medlemsmøter og aktivitetar i laget:**

Aktiviteten og engasjementet blant medlemene kunne med fordel vore større.

På årsmøtet møtte 13.

Det hadde vore motiverande for styret med ein auke i år.

Valkomiteen har nok gjort jobben sin i år også så ein treng ikkje væra redd for å bli «valgt inn i styre og stell»

På julemøtet var det litt betre. 30 møtte på Smith's pensjonat 15.november.

Vi hadde en herleg pinnekjøtt middag etterfølgt av kaffi og kaker

Vi hadde besøk frå fylkeslaget som informerte om sitt viktige arbeid.

Anna Haukås refererte frå kurs i Diskrimineringsloven.

Den kulturelle delen besto av nydeleg song av Thea Birgitte Berge akkompagnert av Otto Aksnes.

Tradisjonen tro vart det og utloddning av mange flotte gevinstar.

På dei aktivitetane vi har lagt opp til (teksta teater/ restaurantbesøk), var det ingen respons. Derfor har styret lagt vekk arbeidet med eigne sosiale aktivitetar.

I staden har vi tatt kontakt med andre lag, med tanke på økt samarbeid omkring felles aktivitar/arrangement.

Styret ser positivt på eventuelle innspel frå medlemmene.

Leiaren sender ut invitasjon til kurs og annan aktuell informasjon til alle medlemmer som har sendt inn E-mail adressa si.

Berre årsmelding og innkalling til årsmøtet vert sendt pr. post.

HLF sentralt og fylkeslaget legg ofte opp til nyttige kurs.

På [www.hlf.no](http://www.hlf.no) finn du mykje informasjon om dei ulike kursa.

Vi gler oss til å sjå deg på årsmøte, velkommen skal du væra!

Seim 13.01.14

Kari S. Sæthre, skrivars